

Sak nr. 3

Sveio Orienteringslag

Årsmelding

2025



Kaffipost under teltduken: Fra venstre: Roald Johannessen, Oddvar Svendsbø, Hildegunn Kalleland og Jana-Elena Koser. Foto: Astrid Førsund



Årsmøtet blei halde i Førde Samfunnshus 29. april 2025.

Desse blei valde til å leia arbeidet i Sveio O-lag i 2025:

Hovudstyret:

Thomas Førde, attval for 1 år

Kjetil Fiskå, ikkje på val

Kristian S. Førde, ikkje på val

Karl Inge Instefjord, attval for 2 år

Astrid Førund, attval for 1 år

Geir Milford, 1. varamedlem, attval for 1 år

Øystein Opedal, 2. varamedlem, attval for 1 år

Turorienteringsutvalet:

Thomas Førde, attval for 1 år

Astrid Førund, attval for 1 år

Karl Inge Instefjord, ikkje på val

Olaug Fagerland, attval for 2 år

Leif Grutle attval, for 2 år

Alice Enerstvedt, attval for 2 år

Revisor:

Jostein Ottesen, attval for 1 år

Diverse:

Utsendingar til Rogaland O-krets sitt ting: Styret får fullmakt til å velja utsendingar

Utsendingar til årsmøte i Sveio Idrettsråd:

Thomas Førde Karl Inge Instefjord

Utsendingar til årsmøte i Førde Samfunnshus:

Karl Inge Instefjord, vara Hjalmar Lokna

Geir Milford, vara Thomas Førde

Medlemstal, register og innkrevjing av kontingent

Medlemstalet er stabilt, 87 medlemmer er registrert, ein liten nedgang frå 89 året før.

Innkrevjing av medlemspengar fungerer bra. Det skjer gjennom utsending av krav via e-post der me nyttar Idrettsforbundet sitt register og innbetalingsssystem. Men verving av nye medlemmer var enklare før då me la innbetalingsblankett i tur- o-konvolutten. Nå må nye medlemmer sjølv oppretta sitt medlemskap via Min Side hos Norges Idrettsforbund på nettet.

Kart-arbeid

Hausten 2024 sette me i gong arbeidet med synfaring og reinteikning av del to i første byggetrinn av nytt o-kart i Auklandshamn. Dette området omfatta Eikelandsneset og friluftsområdet i Slettene. Målet var å få denne delen klart til bruk under Vestlandspremieren 5. april 2025. Det greidde me.

Det er sendt inn skjema til Rogaland O-krets for godkjenning av denne nye delen av kartet. Søknad om spelemidlar til første byggetrinn til ein samla stipulert kostnad av kr. 600 000 blei sendt inn i 2023. I 2024 fekk me diverre avslag på søknaden.

Det kunne sjå ut til at søknaden hadde hamna i feil kategori. Ny søknad blei straks etter sendt inn. Men på ny oppstod det rot med vår søknad i fylkesadministrasjon. Den hadde visst hamna tilbake i feil kategori.

Det blei i vinter på nytt gjort forsøk på oppklaring frå vår side. Det oppstod dermed nytt håp om at saksbehandlar i fylket skjønna at dette var ein søknad om nærmiljømidlar, ikkje ein søknad om ordinære spelemidlar.

Me har håp om at i løpet av 2026 at Sveio O-lag kan få tildelt og utbetalt kr. 300 000 til Auklandshamn-prosjektet. I tillegg kan det bli tildeling av momsrefusjon til prosjektet. Dette kan skje etter eigen søknad. Men først må fylkesadministrasjonen gi si godkjenning, løyva spelemidlar til vårt nærmiljøanlegg og utbetala tilskotet.

Konkurransorientering

Eigne arrangement:

Vestlandspremieren i Auklandshamn

Vestlandspremieren 2024 Etter initiativ frå Hordaland O-krets kom det i stand eit samarbeid mellom tre klubbar i Sunnhordland om å arrangera ei o-helg med tre konkurransar i løpet av tre dagar tidleg i april. Dette skulle markera sesongopning på Vestlandet for o-løparar både i Rogaland og Hordaland. Ei o-helg med tre konkurransar blei snekra saman for å gjera tilbodet mest mogeleg attraktivt slik at me kunne samla flest mogeleg o-løparar på tvers av kretsgrensene på Vestlandet.

Sveio O-lag blei med som ein av arrangørane saman med Bremnes IL og Stord IL. Sveio O-lag har arrangert andre dag av Vestlandspremieren to år på rad.

I 2025 nytta me Kysttunet som samlingsplass og målområde. Terrenget i Eikelandsneset nord for Kysttunet blei nytta. Dette var første gongen at det nyreviderte kartet over terrenget i Eikelandsneset blei i brukt til o-løp.

Me er heldige som har positive og samarbeidsvillige grunneigarar i dette området, som velvillig let oss nytta delar av innmarka til startområde, til løyper og innspurt.

Nær 190 løparar frå heile Vestlandet deltok. Under arrangementet laurdag 5. april blei me velsigna med eit strålende, vakkert vårvêr. Arenaen på Kysttunet er intim og eigna seg særst godt til eit kompakt arrangement av denne storleiken. Eldsjeler i Sveio kystlag hjelpe oss godt til rette i forkant av stemnet. Deltakarane i o-løpet kunne dermed kosa seg i sola etter at dei kom i mål. Det førte til god omsetnad i kiosken. Mest heile varelageret blei utselt.


Kjetil Fiskå og Thomas Førde hadde laga åtte ulike mellomdistanse-løyper i terrenget nord for og omkring Kysttunet. Alle tillitsvalde i Sveio O-lag pluss nokre til blei engasjerte som funksjonærar i ulike posisjonar under arrangementet. Vårt o-løp under den andre utgåva av Vestlandpremieren blei sportsleg og sosialt særst vellukka.



Startfunksjonær Geir Milford rettleier Martin Enerstvedt.



Alice, Astrid og Olaug sel kiosken tom.



Jana-Elena Koser på veg mot mål



Deltakarane i N-Open har fått sine premiar.

Nær-o-løp i Førde

Tysdag 26. august arrangerte Sveio O-lag Nær-o-løp for klubbane i Nord Rogaland og Sunnhordland

Samlingsplassen blei lagt til Strando i Førde, med start i prestegarden. Sprint-kartet over Førde sentrum blei nytta. Kjetil Fiskå og Thomas Førde hadde laga fire ulike løyper. Takk vera velvillig bonde og grunneigar kunne den lengste løype ha fleire strekk og postar i beiteområdet i Kråkeneset, eit terreng som har vore lite nytta til orientering dei siste åra.

Om lag 50 løparar deltok og gledeleg mange av desse var nybegynnarar. Sportsleg suksess blei det også for arrangørklubben, ettersom Vegard Havrevoll var best i den lengste løypa.

Arrangementet blei tildelt eit fantastisk bra løpsver, lettskya og mildt. Dei idylliske omgjevnadene på Førde Strand og i bygda elles skapte ei perfekt ramme rundt løpet.



Emil Rachnor diskuterer vegval med Vegard Havrevoll



Geir Milford og Kjetil Fiskå sjekkar om det framleis er løparar ute i løypa



Vegard Havrevoll blei dagens vinnar i den lengste løypa



Kjetil Fiskå registrerer at rekruttane er komne i mål

Deltaking i andre tevlingar:

Sørlandsgaloppen

Den tradisjonsrike Sørlandsgaloppen med fire tevlingar i løpet av fire dagar blei i 2025 arrangert i Kristiansand og Lillesand. Det er lenge sidan Sveio O-lag sitt klubbflagg kunne vaie i vinden ved sida av så mange som 10 deltakarar, som hadde det gule lagsteltet som garderobe.



Familien Sandvik Førde på Sørlandsgaloppen: Frå venstre: Thomas, Astrid, Johannes, Therese, Bjørnar, Kristian. I fremste rekke: Henny, Thomas og Sondre. Sunniva deltok også, men ikkje den dagen bildet blei tatt.


Turorientering




Sal av tur-o-konvoluttar i 2025: 105 av Familiekonvoluttar og 46 av Nærtrim/Barnas Tur-o, totalt 151 konvoluttar. Dette er ein nedgang frå året før då det blei selt i alt 180 konvoluttar, 131 familiekonvoluttar og 49 av Nærtrim Barnas tur-o. Likevel var det i 2025 ein auke i talet på tur-o-deltakarar som registrerte seg i nettportalen, www.turorientering.no. Talet på postbesøk, som blei registrert i nettportalen gjekk også opp samanlikna med året før.

Det er difor vanskeleg å forklara nedgangen i salet av tur-o-konvoluttar. Del-forklaringar kan vera at nokre fleire lastar kart ned frå nett-løysinga, to kodekort i konvoluttar gir betre høve til deling av konvolutt-innhaldet.

Antall deltakarar TurO på nett, Sveio O-Lag



Antall klipp TurO på nett, Sveio O-Lag



Pakking av tur-o-materiell før sesongstart. Frå venstre: Thomas, Inge, Alice og Karl Inge.

Tur-o-tilbodet i 2025



Årets sju kart og terreng inneheldt til saman 82 tur-o-postar. Det er truleg rekordnotering.

Turane gjekk i særskildt variert terreng både geografisk og topografisk, frå ope småkupert landskap i Tysvær til høge bratte fjell ved Tittelsnes.

1. Svebakken på fylkesgrensa: I år ekspanderer Sveio O-lag til Tysvær. I eit turområde, som ligg på fylkesgrensa mellom Vestland og Rogaland, la me ut 15 postar i eit slakt, småkupert og ope terreng.

2. Lyngholm – Landsåt: Årets rundtur i Ryvarden-marka starta ved P-plassen på Lyngholm. Deretter var stien sørover i retning Ryvarden leiande tråd mellom 15 tur-postar med fjelltoppen Landsåt som høveleg rasteplass.

3. Sætre-Emberlandsnipen: Denne fjelltoppen kan nåast frå ulike kantar. Me la opp til parkering og start ved Sætre. 10 postar låg i dette området.

4. Tjernagel – Åsbufjellet: Postane var plasserte i nærleiken av merka sti og skogsveg, som frå Tjernagel-sida etter kvart stig i retning Åsbufjellet. Frå toppen av Åsbufjellet var det merka sti ned til Åsbu.

5. Røykenes – Selsås: Ei vakker vandring på skogsveg og stiar langs Røykeneselva. Greitt å passera over demninga ved Liervatnet i godver, slik at ein kunne finna postar på Røykenes-sida i starten av turen og følgja Selsås-sida av elva på tilbaketuren

6. Tittelsnes – Holsvika: Ein flott fjelltur med usannsynleg vakkert utsyn over Ålfjorden og store delar av Sunnhordland når du når toppen. Ein kunne starta turen, enten frå p-plassen nær Holsvika eller ved start/slutt på ein skogsveg lenger nord på Bjørgavegen. Dei aller fleste postane låg langs skogsveg eller sti.

7. Usynlege o-postar i Auklandshamn: Kartet over vart synbart på nytt og var heilt oppdatert ved sesongstart. 10 usynlege postar blei «installert» utan å bli plassert ut i terrenget.

High Five, eit nytt tilbod



I Friluftslivets år blei o-klubbane inviterte av Norges Orienteringsforbund (NOF) med støtte frå Miljødirektoratet til å laga eit nytt tilbod, som kunne motivera fleire til å prøva seg på turorientering. Postane, som skulle merkast med eigen High Five-logo, plasserte me på ymse fjelltoppar og turmål mellom Førde, Lier og Røykenes. Tilbodet var klart til bruk 16. mai og fekk økonomisk støtte gjennom NOF. Samtidig måtte Sveio O-lag tilby særskilt premiering av deltakarane i High Five-løypa.

Kaffipost i grenseland



Foto: Astrid Førsumd


Søndag 25. mai arrangerte Sveio O-lag kaffipost, på andre sida av fylkesgrensa, i Rogaland, nærare bestemt på Svebakken, eit idyllisk friluftsområde ved Ålfjorden. Eit samanhengjande regnvêr la ein dempar på dagen. Likevel blei kaffiposten godt besøkt. Arrangøren fekk opp telt i god tid, noko som gjorde arrangementet litt meir komfortabelt, både for deltakarar og vertskap.

Nærtrim, Barnas o-tur 2025

Fire ulike turar med fem postar på kvar tur

«**Kirkegården ved havet**» Den gamle kolera-kyrkjegarden som Fartein Valen skreiv eit kjent orkesterverk til, ligg i Leirvåg med eit idyllisk strandområde like ved.

Friluftsområdet Slettene ligg ved Auklandshamn og omfattar idylliske vikar, holmar og bruer. Eit eldorado for barnefamiliar. Eit flunkande nytt o-kart var utarbeida før sesongstart over dette terrenget.



Fem postar mellom Nappen og Leirvåg ved bruk av Mapant-kart.

Fjellstad - Åse. Eit populært turområde mellom Steinartjødno og Åse-tjødno. Dei fem tur-postane blei lagt ut i terrenget langs tydelege stiar og høvde som ein rundtur.

Vikse skule. Dei fem postane låg langs tydelege turstiar, som gjekk framom idylliske vatn. Løypa starta ved Vikse skule.

Sommarpostar

Dette tilbodet er meint som eit lågterskeltilbod innan tur-o. Postane, som blir markerte med stolpar, blei delte på to turar. Begge stetta Orienteringsforbundet sine krav til grøne turar. Det tyder mellom anna at postane skal kunne nåast av rullestolbrukarar. Karta blei gjort tilgjengelege via portalen vår på turorientering.no. Sju av sommarpostane låg ute i terrenget i Førde, frå P-plassen ved E39 midt i bygda, via Myklevoll og kyrkja og nedover elvastien i retning Strando. Dei andre sju stolpepostane blei plasserte nær grusveg og sti i området til Sveio golfpark.

Finn Fram-dagen

blei arrangert i lett regnvêr på Strando i Førde søndag 31. august. Arrangementet blei ein suksess trass i det grå vêret. Arrangøren fekk litt ekstra arbeid med å rigga til nyinnkjøpte

partytelt over dei ulike samarbeidslaga, som hadde stand langs rundløypa. For dei om lag 150 deltakarane under årets Finn Fram dag på stranda i Førde fekk regnvêret ikkje høve til dempa på humør og innsatsvilje. Barn og vaksne kunne med liv og lyst testa seg sjølv i speed-orientering, bæring av vassbøtter på strak arm, kanopadling, pilkast, hesteskokasting og luftgevær-skyting. I kvar øving blei det delt ut premiar, enten etter prestasjon eller etter loddtrekking. Det blei også trekt ut premiar blant alle deltakarane i rundløypa og blant alle som deltok i ei eller annan aktivitet under Finn Fram-dagen.

Hovudarrangør, Sveio O-lag hadde laga ei rundløype med åtte postar, som alle var utstyrte med oppgåver innan bruken av kart og orientering.

På fleire stader i rundløypa kunne ein ta seg pause og smaka på pølser i brød, nysteikte vaflar eller pinnebrød.

Om lag 150 deltakarar samla seg til ymse aktivitetar i den idylliske strand-parken i Førde. Sveio O-lag hadde med desse som medarrangørar: Førde-speidarane, Bua-speidarane, Sveio Turlag og Spretten 4-H.



Årsfest

Torsdag 13. november blei det arrangert årsfest i Førde Samfunnshus.

Thomas Førde viste bilete frå sesongen 2025 og oppsummerte hovudtrekka ved dei ulike aktivitetane laget hadde stelt til.

Etter servering av frukt og pølser i brød blei det sett fram ei stor marsipankake med Sveio O-lag sin logo på loket.

Vidar Vikse heldt ein minikonsert, der eit av høgdepunkta var urframføring av ein sjølvskriven låt om orientering.

2025-sesong blei ein stor jubileumssesong for mange av tur-o-deltakarane. Ni av dei mest trufaste deltakarane blei tildelt plakettar for oppnådd gullmerke gjennom mange sesongar på rad.

Den gjevaste plaketten blei tildelt Kristina og Sigmund Enerstvedt. Begge har oppnådd gullmerke innan turorientering i 30 sesongar på rad.

Tur-o-tilbodet i sesongen 2025 samla brei deltaking. Langt over 200 personar har nytta tilbodet, og 80 av desse gjorde seg fortente til gullmerket.

I tilbodet som heiter Barnas Tur-o/Nærtrim var det meir enn 40 unge som oppnådde gullmerket.

Gjennom sesongen hadde arrangøren lagt ut rekordmange postar rundt om i heile kommunen – totalt 129. Fem deltakarar greidde å registrera besøk på alle desse postane i løpet av sesongen. Gratulerer!



Åtte plakettvinnarar samla etter utdelinga under årsfesten: Frå venstre: Kristina Enerstvedt, Sigmund Enerstvedt, Astrid Førund, Inge Berglund, Oddvar Svendsbø, Marit Husby, Arild Wiersen og Kathy Ann King Johannessen.

Plakett for gullmerke 30 gonger:

Sigmund Enerstvedt

Kristina Enerstvedt

Plakett for gullmerke 25 gonger:

Inge Berglund

Astrid Førund

Plakett for gullmerke 20 gonger:

Oddvar Svendsbø

Plakett for gullmerke 15 gonger:

Tor Eriksen

Katy King Johannessen

Plakett for gullmerke 5 gonger:

Arild Wiersen

Marit Husby



Olaug og Alice deler ut stykke av årsfestkaka



Kø ved matbuefen under årsfesten

Utstyr

Løpsdrakter blei produserte av Trimtex i 2010 etter vårt design og blei selt til medlemmene for kr. 300 (for voksne) og kr. 200 for medlemmer under 17 år. Me har nå berre nokre svært få løpsdrakter på lager.

Overtrekkdressar: Det ligg nokre få overtrekkdressar i ukurante storleikar på lager etter fornyinga i 2009.

T-skjorter: I samband med at SOL arrangerte DM Vest i 2014 og at me tok i bruk nytt Ryvardenkart, markerte me desse storhendingane gjennom å spandera på oss nye T-skjorter med påtrykt klubblogo. T-skjortene blei tatt i bruk til alle funksjonærene under DM-Vest. Me har framleis nokre av desse T-skjortene igjen på lager.

Telt: Det første tunnel-teltet blei kjøpt inn i Sverige i 2005. Røynslene med denne typen telt er gode. Me har difor kjøpt inn eit liknande telt, i gult med påtrykt klubbnamnet vårt. Dette innkjøpet er i første rekke gjort med tanke på gjennomføringa av eigne arrangement. Det nyaste tunnelteltet blei skada under ein storm på Ryvarden fyr kvelden før vårt arrangement der.

Fem partytelt som er lett å setja opp blei kjøpt inn til Finn Fram-dagen i 2025. Me eig også eit større brukt partytelt, 3 x 6 meter, for kr. 500.

Klubbfana: For første gong skaffa klubben seg lagsfane eller klubbflagg i 2010. Dette flagget i grønt med Sveio O-lags logo på pluss klubbnamn og teksten: "Me gjere det i skogen", blei

produsert hos eit svensk firma. Flagget er blitt nytta under eigne arrangement og når løparar frå klubben deltar i o-løp i inn- eller utland.

Premiar-/gavekrus med klubblogo og namn: I 2010 blei det laga eit nytt krus med påtrykt klubblogo, klubben sitt namn og teksten: ”Me gjere det i skogen”. Me investerte i eit rikeleg lager av slike som me i fleire år har nytta som premiar ved DM/KM og kretsløp. Dette lageret er nå nærast tømt.

Ein annan type og litt enklare krus med påtrykt vår logo, blei kjøpt inn til premiering i samband med Vestlandspremieren 6. april. Då blei det også kjøpt inn to andre typar premiar, glasplakettar og ein type statuett med pålimt logo. Statuettane med logo er det nå berre 2 stk igjen av.

Konkurranserbrikker: SOL disponerer ca. nye 25 EKT-brikker, som alle blei kjøpt inn før Vestlandspremieren. Alle brikker av eldre dato i laget si eiga måtte kasserast.

Fingerkompass: Klassesett med enkle fingerkompass fekk me frå Gilde-fondet. Men fleire av desse er blitt svekka av luftboblar i kompasshuset.

Luftgevær: 2 stk. blei innkjøpt i 2016 til bruk under Finn Fram dagen.

Framvisar (projector) blei innkjøpt hausten 2015 for at me lettvent skal kunne halda presentasjonar under eigne arrangement.

Sveio O-lag er på nettet via www.sveiool.org www.facebook.com/sveiool.

Kristian S. Førde har utvikla og gjer vedlikehald av laget sine nettsider. Her prøver me å leggja ut aktuell informasjon rundt ulike arrangement og hendingar. Me har sikra oss server-plass, som opnar mogelegheiter for frodig bruk av bilde og for resultatlistar frå eigne arrangement og frå andre arrangement som me har deltakarar i. I samband med o-løp som me arrangerer, blir Eventor nytta til påmelding og resultat-service.

Nettansvarleg Kristian er og IKT-ansvarleg under laget sine arrangement.

Kart

Auklandshamn 2: Kartet er under revidering/oppdatering. Begge delane av Byggetrinn 1, den nordlegaste delen av det gamle kartet er nå resynfart og reinteikna på nytt. Det gjeld området sør for skulen og dessutan Slettene og Eikelandsneset.

Førde-sprintkart: 1: 4000, ekv: 2,5 m, Ferdig 2022

Ryvarden-marka 1: 10 000 5 m ekv. Ferdig 2013

Tittelsnes Festningen 1: 10000 Årstal ferdig 2009/10

Valestrand skule 1: 2000, 2009/10

Einstadbøvoll 1: 10 000, 2009/10

Einstadbøvoll 2 1: 5000, 2009/10

Auklandshamn 1:10 000, 2004

Auklandshamn skule 1: 5000, 2004

Slettene 1: 5000, 2004

Førde 1: 10 000, 1998

Førde nærkart 1: 10 000, 2003

Førde nærkart 1: 5 000, 2003

Førde Prestabryggjo 1: 5000, 2006

Lier 1: 10 000, 2006

Førde skulekart 1: 2000, 2006

Auklandshamn skulekart 1: 2000, 2006

Valestrand 1: 15 000 1973

Kart-/løypeteiknings-programmet: OCAD Orienteering Edition

Følgjande postutstyr er på lager i klubben si eiga: (Laget gjorde monaleg omfattande investeringar i postutstyr til DM Vest) Ca. 60 postskjermar i bra stand. Dertil hadde laget ved årsskiftet EKT postutstyr til alle postar med kodenr. frå og med 100 til og med 176. I tillegg har me åtte startpostar (Null-postar) og dobbelt sett av postane 100, 110, 120 og 130, pluss post nr. 97. Men mange av posteiningane er tilårskomne og daudar ut. Me må difor kjøpa inn nye etter kvart for å halda utstyrsparke i orden.

Tidtakarutstyr: MTR2 med printer og pc-kabel, MTR3 med EPR-3(printer) og pc-kabel 2x MTR4 med 1 EPR-3(printer) og pc-kabel(USB) 250-avlesar og USB-avlesar. Lisens til tidtakarprogrammet E-timing. Her må det også gjennomførast fornying etter kvart som einingar daudar ut.